Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bykle

Emne: Brynet. Bygdelag: Valle prestegjeld

Oppskr. av: Svein O. Rygnestad Gard: Ulvistog, Bykleheiane

(adresse): Bykle pr. Kr.sand S G.nr. 14 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege ord er bryne.
Hein er ein sers hard brynestein.
2. I den seinare tid brukar dei
bryne av kunststein (Karborundum)
Elles brukar mesteparten
enno bryne av naturstein.
Før fór mest bryni frå Eidsborg
i Telemark. Finst ikkje bry-
nestein i bygdi. Fyrr fór det
handlarar frå gard til gard
og selde bryne. No kjøper
me dei på krambudi.
3. Alle reidskap vert slipa på
ein rund slipestein og so etter-
på kvesste med bryne for å
få burt ru-i etter slipingi.
4. Heilt til umlag 100 år sidan
brukte dei brynsteljå, som dei
tynnte på tynnestedet med ein
hamar. Det fanst smedar i
mest kvar bygd som smid-
de og tynnte ljå og sigdar.
Endå lenger tilbake i tidi

173

sla dei med sidybein, som dei
batt i orvet. Dei kenner etter
rudkallen på Byklum Mugg'e:
„Det minker graset på Byklebóane
„då stålbiten kom": ved 1500 talet
5. Folk kjenner berre til runde
slipesteinar.
6. Umlag 1 time.
7. Før i tidi brukte dei ogso
ei ljåstikke, som var laga
av hardt tre. Når dei had-
de brynt med brynesteinen,
so nytta dei stikka etterpå.
Brynesteinen bar dei i ein skåppe
av tre, som dei hengde i ein
ring av jarn eller messing
som dei sydde fast med buksa
på høg hofta.
8. Det kan høve å løyse ljåen
frå orvet, når ein slipar.
elles ikkje allstøtt. Me snur
eggi mot oss.
9. Ein slær føtene i kross og
stang handfanget millom lári.
10. Skåppe, laga av tre og
veivla inn godt med sma-
le næverremser, so han vert tett.
11. Ikkje som nokon kjenner til.
12. Den vert heng på buksa
på høgre hofta, (sjå pt. 6.)
13. Ja: Ein har vatn i skåppen
~~på~~ ljåstikka stingein helst
i fin sand.
14. Ikkje etter brynningi. Men



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det som legg seg på botnen
på slipetroi kallar me
slipegrjot. Det nyttar
ein gjerne når ein vil
farga kvitt eller gult lein svart.
15. Hev ikkje høyrt noko um
det
16. som punkt 15.
17. Brynesteinen måtte kje
vera for hard. Er han det,
so hjelper det å grava
steinen ned i jordi.
Merke på ein god bryne-
stein var, at der var
"gule lysar, blå lysar og
alleslags lysar." Han
måtte kje vera antel
for hard eller for blaut.
18. Nei, det kjenner eg ikkje til.
19. Vert mykje brukt å spytte
te på brynet. Å pisse
i skåpyren nytta ikkje.
20. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
173